Hadeland Folkemuseum

Universitetets Oldsaksamling
Topografisk Arkiv

Ådal, Busk.

Brandbu den 30 sept. 1937

Hr. dr. Sigurd Grieg.

Oldsakssamlingen. Oslo!

I sumar lovde eg å skriva um tingplassen på Fjösvika, Ådal. – Fjösvika er ein gamall gard i Ytre Ådal – Hval sokn. Garden ligg ved hovudvegen – eit godt stykke nord for Hvals kyrkje og Sandalen. – På ein flat furumo på vinstre hand, like fyrr ein når fram til garden ligg plassen. Plassen er heilt flat – med so vitt eg hugsar 18 like store steinar i ein cirkel rundt plassen. – Det er urørt, men no veks skogen til, so plassen burde vera ryddiggjort. Som De veit er det likeeins (?) på Skollerud, lenger ut på vestsida av elvi, og på Sandalen store gravhaugfelt. På Skollerud står ein vakker runestein (eigar: bruksseigar Harald Holte, Tollerud). – So var det ein ting til: De kjenner nok til at på vestsida av Randsfjorden – rett over for Røykenvik – låg for 60–70 år sidan murrester av eit stort byggverk. For 30 år sidan var det endå att rester over heile feltet. Det var uppmalt av universitetets folk i si tid 52 alen langt og 24 alen breidt – det samsvara med ~~det~~ murefotene for snautt 30 år sidan, då eg

Hadeland Folkemuseum

II

Brandbu den

var der fyrste gongi. No i sumar var eit selskap av oss derupp og søg ei rai sog at det myke var lærbi av ruinen over fordflatalurre på sudsida stod novo att, men der hadde ein småbrukar som hadde tjøpt ford der, teke til med å bryta det ned til åkerfeke.

Eg fekk arbeidet stansa, og har lovt mannen ein liten pengesum for fordi der. Han eig det halve av den gamle tomt – den andre halve del høyrer til, tvo brødre og skogeigarar her – Mons Røken og Einar Rådsum.

Eg har no tala med desse og småbrukaren, og meinar å få gjerda inn plassen og det nedrivne murtjørn sett upp att. Kunne De eller ein annan frå ordbokssamlingi koma ein dag, so fekk me namnane skikka ut og det område som burde gjerdast inn. Me må i alle høve gjera det i haust. – Etter segni her – gjennom tidene for eit par hundra år sidan, so låg det ein stor gard, på Jarmannsrud-siden, som er det gamle namnet. Og det var der Halfdan Svarte var i gjestebud då han ekkruppd drukna i Rygkenvik. –

Beste helsing med takk for sist

Olaus Islandsmoen.

Besv 4/10-37

Kunnskapa eg tjem inn i morgon fredag.